

Til

Lindås kommune

Postmottak, Kvernhusmyrane 20

5914 Isdalstø

Skår 29.07. 2015

Merknad til Lerøy Vest AS sin søknad etter akvakulturlova om utviding av settefiskanlegg i Bjørsvik

Vi viser til brev datert 02.07.2015 vedrørende overnevnte søknad.

Bakgrunn

Norwegian Preserving Co AS festar i dag rett til uttak av vatn frå Husdalsvatnet av grunneigarane av vatnet og elva. Dei leiger retten vidare til Lerøy Vest AS.

Grunneigarane sjølv og ved advokat Magne Revheim si hjelp har i mange år prøvd å få ein konstruktiv dialog med Norwegian Preserving Co AS vedrørende omfanget av desse rettane. I seinare tid har vi også hatt kontakt med Lerøy Vest AS utan å koma til ei løysning. Omfanget av rettar til vatnet frå Husdalsvatnet vil derfor per i dag bli avklart gjennom rettssystemet.

Merknader til søknaden og faktafeil

Søknaden er utarbeid og skriven av fagfolk på akvakultur. Vi som ikkje har den bakgrunnen, kan derfor ikkje vurderer og sjå alle forhold som kan ha innverknad på våre eigedommar. Våre merknader vil derfor vera det som vi *kan* gje tilbakemelding på.

- Det er tvist om omfanget av vassrettane. Tvisten går i hovudsak på bruken (formålet) av vatnet og avtalt mengde vatn for uttak.
- Grunneigarane ved advokat Magne Revheim har påklaga konsesjon gitt av NVE. Ei samla grunneigargruppe frå gardane rundt Husdalsvatnet har protestert då vi meiner at mellom anna vassrettane ikkje er tilstrekkeleg klarlagt i forhold til gitt konsesjon.
- Søknaden viser til nedslagsfeltet for Husdalsvatnet. Det må sjåast på som ein illustrasjon på kvar vatnet kjem frå, då søkar ikkje har rettar *til* eller *i* nedslagsfeltet.
- Krav til kvalitet på vatnet. Det framgår av søknaden at fisken må ha tilgang på *reint* vatn. Det må derfor gå klarare fram av søknaden kva eventuelle konsekvensar endringane vil få for våre areal i nedslagsfeltet. Før ei eventuell godkjenning blir gitt, vil vi ha ei

forsikring/garanti om at ingen band blir lagt på våre retter eller utvikling av våre areal på grunn av denne eventuelle godkjenninga.

- Det er ikkje inngått avtaler med grunneigarane vedrørende installering og etablering av forlenga inntaksledning på djupare vatn. Det er ikkje inngått avtaler med grunneigarane vedrørende installering og etablering av oljelenser i innløpet på kanalen slik det framgår i risikoanalysen. Ei eventuell lense vil hindra tilflot til båtstø og opplagsplass for eigarane.
- Det er opplyst at vatnet *har vore* i bruk som kommunalt drikkevatt. Dette var ei avtale som gjekk *langt* utover den retten leigetakar har i vatnet og dei krav ein stiller til ei kommunal drikkevasskjelde. Grunneigarane var ikkje orientert eller forespurt om å selje drikkevatt frå Husdalsvatnet. Bildet i søknaden viser eit skilt frå den tida Lindås kommune betalte Norwegian Preserving Co AS for vatn dei ikkje hadde rett til å selje. Bildet kan være svært misvisande dersom ein ikkje kjenner til heile historia.
- Det framgår av søknaden at avløpsvatn skal gå *ureinsa* ut på ca. 37 meters djup i ytre del av Bjørsvikvågen. Skår har rett til å fiska laks (lakseplassar) langs landet av eignedommane våre på austsida av innløpet av vågen og vidare mot Skårabogen. Området er rekna som gode lakseplassar. Dette har samanheng med vandringsruta til villaksen. Villaksestammen i Osterfjorden/ Vosso er i dag lav og er derfor freda i høgsesongen for vandringa. Det framgår ikkje i søknaden om utslepp av ureinsa avløpsvatn ut i fjorden, kan ha innverknad på villaksen og stedbunden fisk i området.

Vi meiner også at det er ei stor ulempe at Lerøy Vest AS får sleppe ut så store mengder ureinsa avfall/kloakk så nær vår strandlinje og på så grunt vatn. Dette samsvarer ikkje med vanlege krav til utslepp av kloakk.

Helsing
eigarar av Skår

Bjarne Magnar Trefall
Gnr. 229 bnr.1

Anne Lise Fjelde Skjelvik
Gnr. 229 bnr.2